

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for
Raudbergnuten, Kviteseid og Tokke
kommunar



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, mars
2026

Innhold

1.	FORSLAG.....	3
1.1	Heimelsgrunnlag	3
1.2	Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3	Andre interesser.....	5
1.4	Planstatus.....	5
2.	SAKSHANDSAMING	5
2.1	Sakshandsamingsprosessar.....	5
2.2	Forholdet til utredningsinstruksen	6
2.3	Forvaltningsmyndighet	6
3.	VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.1	Namn.....	6
3.2	Avgrensing.....	6
3.3	Verneforskriftene.....	7
4.	OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK	8
5.	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR	8
5.1	Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	8
5.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	8
5.3	Avveging skogvern – skogbruk.....	9
5.4	Forvaltningsmynde	9
6.	Beskriving av område med merknader	9
	Raudbergnuten, Kviteseid og Tokke kommunar.....	9

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Raudbergnuten naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Raudbergnuten er ei utviding av Storskog naturreservat. Sidan verneforskrifta for Storskog NR er gamal, er ikkje utvidinga foreslått som endring av eksisterande verneforskrift men som ny .

Tilrådinga omfattar 7453 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 7503 dekar, og av dette er 6977 dekar produktivt skogareal.

Området som blir foreslåtte verna, er:

1. Raudbergnuten naturreservat i Kviteseid og Tokke kommunar, Telemark fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forplikingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslåtte verneområdet inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslåtte

verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området knytt til 35 raudlista naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil det bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå

- Lønnve O. J., Olberg S., Thylen A. 2019. Naturverdier for lokalitet Digernes, registrert i forbindelse med prosjekt Kalkskog 2018. NaRIN faktaark. BioFokus og Reiso, S. 2021
- Reiso, S. 2021. Sammenstilling av kunnskap for oppstart av verneprosess. Lårdal-Sjausel, Tokke. BioFokus-notat 2021-62. Stiftelsen BioFokus. Oslo.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er hogst, mineralutvinning og ulike typar utbyggingar. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftane kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtale i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

Raudbergnuten verneområde krysses av en 66 kV nettløne som har eit landtak ved Flekstveit i verneområdet før det går over Bandak.

Verneområdet grensar til Bandak som er eit regulert vassdrag. Demniga ligg ved Hogga ovanfor Lunde, og regulerer dei tre innsjøane Flårvatn, Kviteseidvatnet og Bandak. Alle tre vatna er ein sentral del av Telemarkskanalen. Kongsesjon frå 30. september 1890.

Det er registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) innanfor området.

Mineral

Det er registrert mineralførekomst innanfor området skriv direktoratet for mineralforvaltning (DMF). Dette gjeld forekomst av bly og kobber som NGU skriv trulig er utan økonomisk verdi. Etter oppstartsmelding har DMF likevel gitt undersøkingsrett til eit firma der forekomstane i Raudbergnuten inngår.

Andre tekniske inngrep:

På Raudbergnuten står eit enkelt antenneanlegg for VHF-samband. Dette er ein gjennomsnakkstasjon som brukast ved sauesanking, jakt og sikringsradio.

Det er fleire hytter som alle ligg nede ved Bandak. Dei skal haldast utanfor verneområde. Sidan målestokken på kartet er liten, nemnes dette særskild. Dette gjeld; Digerneshytta, Breidalshytta, Hanen og Lindeviki. Også Digernes fyr drifta av Telemarkskanalens venner, haldast utanfor verneområdet.

I Næverdalen aust for garden øvre Flekstveit er det ein gamal husmannsplass. Ingen bygningar står, berre grunnmurar. Det er og ein nedlagt husmannsplass ved nemnde landtak. Det går traktorveg mellom garden nedre Flekstveit og Sjausel. Det er òg fleire andre vegar i dette område som er inntekna på kartet. Ved Raudbergnuten er det ei gamal dagskjæring (gruve) 300 m nordvest for toppen. Forekomsttypen har ingen økonomisk interesse i dag, står det i NGU si base.

1.4 Planstatus

Arealene i denne verneplana er i all hovudsak avsett som LNFR-område i kommuneplanane til dei respektive kommunane. Øvre del av området i Kviteseid ligg i LNFR med hensynssone friluftliv H530_2

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
<i>Raudbergnuten</i>	<i>04.05.20 og 02.03.21</i>	<i>19.05.2023</i>	<i>25.10.2025</i>

Tilbod om vern kom inn frå AT Skog i to sendingar. Tilsaman 17 grunneigare var med i tilbodet der alle var private foruten Tokke kommuneskog. Sistnemde har i kommunestyrevedtak trekt seg frå tilbodet.

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaget vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet. Sidan området strekk seg over to kommunar, vert Statsforvaltaren vernemynde.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

Ved oppstart var det to tilbodsområde; *Storskog naturreservat utviding Digernes og Lårdal-Sjausel*. Språkrådet ba Statsforvaltaren ved oppstart å syte for at det i neste runde av saka går tydeleg fram kva som er tenkt som namn på området, og kva som er bakgrunnen for namnevalet. Språkrådet skreiv også at namnet *Storskog naturreservat* ikkje er registrert i SSR, og det er heller ikkje registrert noko namn *Storskog* i Tokke eller Kviteseid. Til høyringa var det *Raudbergnuten* Statsforvaltaren foreslo på baa to område som ligg på kvar side av *Storskog reservatet*. Utvidinga inneber at *Raudbergnuten* vil verte ein del av verneområdet, og namnet er nytta på kart og er eit kjend turmål. Det kan og leggjast til at utvidinga omfattar areal i to kommunar, og at *Raudbergnuten* ligg i kommunegrensa. Til høyringa var det bare Språkrådet som levert innspel til namnet, og dei hadde ikkje merknader til at *Raudbergnuten* vart nytta som namn på det nye reservatet.

3.2 Avgrensing

Det er etter oppstartsmeldinga gjennomført ein stor endring i avgrensinga for *Raudbergnuten*; Tokke kommune har trekt seg frå tilbodet, og dette gjeld eignedomen gnr 1 bnr 2. Dette fører til ein reduksjon på 628 dekar og at området blir delt i to med avstand ca 700 m. For terrengtilpassing er det lagt til ca 60 daa på eigedom 30/1. Elles nokon mindre justeringar av vernegrensa etter ønskje frå grunneigarar.

3.3 Verneforskriftene

Det er etter høyringa gjennomført nokre endringar i forslag til verneforskrift. Dette kjem for det meste av tilpassingar til ny verneforskriftsmal.

§ 1 . I høyringa lød føremålet slik:

Formålet med forskrifta er å ta vare på ein bestemt type natur i form av rik edellauvskog, gammal boreal lauvskog, kalkbarskog, lågurtfuruskog og rik blandingskog i låglandet.

Området har særskild betydning for biologisk mangfald på grunn av førekomst av død ved, samt sjeldne og trua artar av karplanter, sopp og lav.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Vi føreslår følgjande føremål som vil vere i tråd med ny forskriftsmal:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur
- b. representerer ein bestemt type natur i form av rik edellauvskog, gammal boreal lauvskog, kalkbarskog, lågurtfuruskog og rik blandingskog i låglandet.
- c. har særskilt betydning for biologisk mangfald på grunn av førekomst av død ved, samt sjeldne og trua artar av karplanter, sopp og lav.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§3 Nytt punkt i malen er lagt til.

e. Brenning av bål er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved eller på tilrettelagte bål plassar, i samsvar med gjeldande lovverk.

§4

I punkt b er fiske lagt til som lovleg tiltak.

I punkt d er ordlyden *avmerka på vernekartet*. Dette er eit stort område kor det kan vera mange stiar som ikkje er merka på kart. Statsforvaltaren ønskjer ikkje at vedlikehaldet av stiar skal vera avgrensa om dei ligg inn på vernekartet.

Løyve til å brenne bål er flytta til paragraf 3, i samsvar med malen.

§6

b. Villsvin er teke ut sidan det ikkje er ein art i området.

f. her er eigendomen gnr./bnr. 1/17,27,31 lagt til. Her ligg det ein nedlagt husmannsplass utan bygningar, utanfor verneforslaget, men kor tilkomstveg på naboeigedom ligg innafor. Sidan Tokke kommune trakk ut sin eigedom gbnr 1/2 frå verneplana, er også denne eigedomen ført opp på lista.

§7

I punkt b er fisk lagt til

Pkt e er tatt ut der det ble gitt moglegheit for uttak for hogst av etablerte plantefelt. Gran er naturleg i området, og ikkje eit framand treslag som på Vestlandet og Nord-Noreg.

Pkt f er tatt ut da den nye malen ikkje lenger tillet merking og rydding av nye stiar.

4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK

Følgjande eksisterande vernevedtak blir foreslått oppheva som følgje av den nye verneplanen:

Forskrift om verneplan for barskog, vedlegg 3, freding av Storskog naturreservat, Tokke kommune, Telemark.FOR-2005-06-10-566.

5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, friluftsliv- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslageta vil også sikre viktige område for friluftsliv.

5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og eventuelt skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området. Dette kan vera styvingstre og naturrestaurering av plantefelt.

5.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbud etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Området som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigarar før 1. februar 2022. Det blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet .

5.4 Forvaltningsmynde

Verneområdet berører fleire kommunar, og det er derfor ikkje aktuelt med tilbud til kommunane om forvaltningsmynde for området. Sidan Tokke kommune i dag har forvaltningsmynde for Storskog naturreservat, må denne mynda trekkjast inn.

6. Beskriving av område med merknader

Raudbergnuten, Kviteseid og Tokke kommunar

Totalareal 7 503 dekar.

Produktiv skog 6 977 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdiar:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a) inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur
- b) representerer ein bestemt type natur i form av rik edellauskog, gammal boreal lauskog, kalkbarskog, lågurtfuruskog og rik blandingsskog i låglendet.
- c) har særskilt betyding for biologisk mangfald på grunn av førekomster av daud ved, samt sjeldne og trua artar av karplanter, sopp og lav. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Området er brattlendt og strekkjer seg frå Apalstod i austenden av Bandak til nedre Strand, som ligg 1,5 km aust for Lårdal. Området har ei forholdsvis einsarta topografisk variasjon og er sørvendt. Berggrunnen er hovudsakleg næringsfattig med kvartsittskifer og granitt, men enkelte parti med metabasalt finst stadvis. Løsmassedekket er stort sett tynt eller manglande, men særleg i aust kjem det inn morenemateriale i søkk og slakare parti. Rasmarker dekkjer dessutan betydelege areal. Mineralrike fuktsig ned den lange lia gjev kalkrike grunnforhold på fleire stader. Terrenget er i det meste av undersøkingsområdet svært bratt, og skogen vert broten opp av opne bergflater, fjellveggar, blokkmark og aktiv rasmarek.

Furu dominerer storparten av lia, mest som grunnlendt, tørr, vegetasjonsfattig, middels baserik lågurtfuruskog/mineralrik furuskog. Denne vekslar med skrinneare fattig skog på bergnabbar, og mindre parti med urterik lågurtfuruskog. Flekkvis finst også parti som kan reknast som kalkfuruskog. Sistnemnde finst både som tørr utforming med mellom anna raudflangre, og vekselfuktig urterik utforming i grunne søkk med periodevis sigevatn.

Store areal som kan karakteriserast som gammal rik låglandsblandingsskog finst i dei bratte lisidene, særleg i dei mellomste høgdeintervalla. Areal dominert av barskog øvst i lisidene, men med innslag av osp og bjørk. Rik edellauvskog med utformingar som rasmak-lindeskog eller alm-lindeskog finst stadvis.

Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (80 %) og sørboreal sone (20 %).

Området er kartlagt for naturtypar etter metodikk i DN-handbok 13 i samband med regionale kartleggingar av edellauvskog i 2009–2010 og kalkskog i 2018. Totalt tolv kjerneområde er avgrensa innanfor undersøkingsområdet. Seks av desse er vurderte som svært viktige (A), medan dei resterande er vurderte som viktige (B).

Ifølgje Artskart (Artsdatabanken og GBIF-Noreg 2021) er det kjent heile 35 raudlista artar, der fire er sterkt truga (EN), sju er sårbare (VU) og 24 er nær truga (NT). Mange av desse artane er knytte til daud ved, særleg av osp (t.d. hårkjuke (VU) og ospehvitkjuke (NT)) og gran (rosenkjuke (NT)), men også andre treslag som selje (nordleg aniskjuke (VU)). Verdt å nemne er funn av den kalkkrevjande soppen hasselslørsopp (EN), som i verneforslaget har eitt av få kjende funn utanfor kalken i Oslofeltet. Det er også gjort funn av dei nasjonalt sjeldne sommarfuglane *Elachista cingillera* (EN), *Scrobipalpula difflua* (EN) og *Stephensia brunnichella* (EN), som alle er knytte til spesifikke vertsplantar: lundgrønnaks, bakkestjerne og kransmynte.

Fleire krevjande og til dels regionalt sjeldne karplantar er også funne (t.d. stjernetistel (NT), søstermariland (VU), bergperikum, svarterteknapp, vårerteknapp, raudflangre, blodstorkenebb, myske og stavklokke (NT)), samt signalartar som granrustkjuke, lungenever og sølvnever. Lungenever finst på eldre lauvtre fleire stader, særleg på osp. Innslag av særleg lind og hassel på stadvis baserik mark gjev potensial for ei rekkje kravande jordbuande soppar, med mellom anna funn av villsvinslørsopp (VU).

Den sørvendte plasseringa i lågareliggende delar av indre Telemark, samt god tilgang på daud ved i ulike nedbrytingsstadium, gjev grunnlag for ei stor mengd spesialiserte insektartar, særleg biller, men også andre artsgrupper. Frå liknande sørvendte lisider lenger vest ved Bandak er det nyleg gjort funn av ei rekkje interessante insektartar, og det er derfor svært sannsynleg at mange av insektartane som er funne der også finst langs denne delen av Bandak.

Området er også vurdert til å ha stor betydning for vilt, mellom anna er det påvist kvitryggspett, tretåspett og gaupe (EN) i tilknytning til området.

Dei raudlista naturtypane kalk- og lågurtfuruskog (VU) og frisk rik edellauvskog (NT) er stadvis representerte i undersøkingsområdet. Av raudlista naturtypar inngår mosaikkar av kalkgranskog, kalkfuruskog, lågurtbarskog, kalkedellauvskog og lågurtedellauvskog.

Verneforslaget inngår som ein del av fleire verneområde i tilknytning til Bandak-vassdraget, som samla sett utgjer eit stort, samanhengande kompleksområde med svært store og varierte naturverdiar av nasjonal betydning. Vurdert åleine er dette verneforslaget vurdert til nasjonal verneverdi (***), der lokalklima, potensial for raudlista artar (både varmekjære og kalkkrevjande), treslagsvariasjon, rikdom og storleik er spesielt vektlagt. Arealet dekkjer fleire viktige nasjonale og

regionale skogvern manglar (Framstad m.fl. 2017). Området bidreg til dei generelle manglane låglandsskog, høgbonitetsskog og som stort område (sør- og boreonemoral sone). Også for fleire mangelnaturtypar/ansvarstypar, særleg for gammal furuskog og rik blandingskog/edellauvskog, er dekninga god. Den totale mangeloppfyllinga er vurdert som høg.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Kraftlinjer, traktorveggar er nærare omtala i kapittel 1.3. Her er også nemnd at det finst ein WHF gjennomsnakkstasjon på Raudbergnuten.

Det går ein traktorveg mellom Flekstveit og Lindeviki. Veggen er mulig å sykle mellom Vårdal og Kviteseid. Det går merka sti til Raudbergnuten frå vest. Det går og ein merka sti frå Tveigrend over Sundsbarmåsen til Haukstoga.

Lett tilgjengeleg areal i lisida ber preg av tidlegare hogst- og beitepåvirkning. Langs traktorveggar av nyare dato finst også ein del ungskog etter ferske hogstingrep. Nedre del av lisidene i vest, og areala under Flekstveit sentralt, har størst preg av tidlegare beite/slått med preg av gjengroande hagemark/beiteskog.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneplanen vart sendt på felles høyring saman med seks andre tilbodsområde i Telemark. I lista nedanfor inngår derfor mottakarar som ikkje nødvendigvis gjeld for verneforslaget Raudbergnuten. Høyinga ble sendt til grunneigarare, Telemark fylkeskommune, Fyresdal kommune, Kviteseid kommune, Nissedal kommune, Notodden kommune, Seljord kommune, Kviteseid Jeger- og Fiskerforening, Kviteseid Skogeierlag V/ Agder-Telemark Skogeierforening, Kviteseid Turlag, Nissedal Jeger- og Fiskarlag, Nissedal Skogeigarlag, Havrefjell Turlag, Seljord Skogeigarlag v/ Agder-Telemark Skogeierforening, Seljord Turlag, Fyresdal Skogeigarlag, Fyresdal Turlag, Notodden Jeger- og Fiskerforening, Notodden Turlag, Naturvernforbundet i Øst-Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Naturvernforbundet Vest Telemark, Forum for Natur og Friluftsliv i Telemark, Norges Jeger- og Fiskerforbund Telemark, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Birdlife Norge avdeling Telemark, Birdlife Norge avdeling Indre Telemark lokallag, Birdlife Norge, DNT Telemark, Vestfold og Telemark Orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Brugseierforening, telemark Energi AS, Notodden Energi AS, Everket AS, Telemark Nett AS, Stannum AS, DE Nett AS, Småraft AS, Lede AS, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Bondelagets Servicekontor AS avd. Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening, Aust Telemark Sau og Geit, Telemark Sau og Geit, Avinor AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Kommunenes Hus AS, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske Komité, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk Biologforening (BIO), Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, NIBIO – Norsk institutt for bioøkonomi, Stiftelsen Norsk institutt for

naturforskning NINA, Norsk organisasjon for terrengsykling, Norsk orkideforening, Norsk Sau og Geit, Norsk zoologisk forening, VY NORGE AS, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Statens Vegvesen, Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens Naturfond, grunneiere, Drangedal skogeierlag, Drangedal JFF, Drangedal og Tørdal bondelag, DE Nett AS (tidl. Drangedal Everk AS), Fyresdal turlag, Fyresdal JFL, Fyresdal skogeigarlag, Fyresdal Bondelag ved Hans Christian Jørgensen, Grenland friluftsråd, Hjartdal Elverk AS, Holla bondelag, Holla JFF, Lunde JFF, Lunde og Flåbygd Bondelag, Kviteseid JFF, Kviteseid skogeigarlag, Kviteseid bondelag, Kviteseid turlag, Nome skogeigarlag, Seljord skogeigarlag, Seljord JFL, Seljord turlag, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, BirdLife Telemark (tidligere NOF Telemark), Telemark Energi AS, Telemark turistforening, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Tinn Energi, Statens Vegvesen Region Sør, Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Sør, Føre AS, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Arendal Vasdrags Brugseierforening, Lede AS (tidl. Skagerak Nett), Telemark Orienteringskrets, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening og Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Institutt for biovitenskap - Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NORSKOG, NSB hovedadm., NTNU Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU Ringve botaniske have, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Språkrådet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, WWF-Norge.

Det har kome inn 10 høyringsfråsegn til verneforslaget. I tillegg tek vi med oppstartsmeldingane frå Landbruksdirektoratet og Telemark Nett, sidan dei ikkje har uttalt seg til høyringa.

Telemark Nett AS (brev dagsett 19.07.2023) uttalar følgjande: "Verneplan for Storskog utv. Digerneset og Sjausel – Kviteseid og Tokke. I det området har Telemark Nett 66kV linje med fjordspenn over Bandak og landtak ved Flekstveit. Det er tinglyst rett med tilkomst frå vegen til Flekstveit. Telemark Nett treng fortsatt rett til å drive vedlikehald og liknande for framtida."

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 24.07.2023) ber om at det av høyringsdokumenta må kome fram korleis områda vert bruka i landbrukssamanheng, og at omsynet til dette må bli ivaretatt i verneforskriftene. Dei peikar spesielt på gjennomgåande vegar, stølar, beitebruk og reindrift. Statleg og kommunal landbruksforvaltning bør bli involvert i verneprosessen, uttalar direktoratet.

BaneNor SF og har ikkje merknader til høyring av verneforslaget.

Statnett SF skriv at ingen av deira anlegg er omfatta av verneforslaget og at dei derfor ikkje har merknader.

Lede AS har ikkje områdekonsesjon i Kviteseid eller Tokke, og oppfordrar til å ta kontakt med Telemark Nett AS.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) uttaler seg om nettanlegg, magasinet Bandak og potensielle vasskraftverk.

For nettanlegg skriv NVE: *Raudbergnuten (utv.) krysses av en 66 kV nettlinje som har en landtak ved Flekstveit. Telemark Nett AS som er nestleiaren og områdekonsesjonæren har uttalt seg og bedt om å ta hensyn til drift og vedlikehald av nettanlegg i fremtiden. Statsforvalter har inkludert alle bestemmelser for energi- og kraftanlegg i verneforskriften til Raudbergnuten.*

For kraftmagasinet Bandak påpeiker NVE at høgste regulerte vannstand (HRV) er 72,34 moh. Verneforslaget ligg ned til Bandak, som vert styrt i samband med kraftproduksjon ved Hogga kraftverk, eigd av Statkraft. Statkraft er med på høyringslista, men Skiens brukseierforening – som står bak sjølve reguleringa av Bandak – er ikkje nemnd som høyringsinstans. Reguleringa kan føre til behov for tiltak som erosjonssikring og rydding av vegetasjon langs strandsona, særleg ved flaum eller sterk vind og bølger. Det vert oppmoda om at Statsforvaltaren vurderer desse behova i dialog med Statkraft og Skiens brukseierforening, og tek omsyn til dei i det endelege verneforslaget. Det finst bekk med eit vasskraftpotensial i verneområdet, og NVE ber Statsforvaltaren orientere grunneigarane.

Statkraft SF påpeiker at vegen til kraftverket i Tokke er rasutstatt. Vernebestemmelsene må lages slik at nødvendige tryggingstiltak kan gjennomføres. Dei legg ved ein geoteknisk rapport.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) «*I fråsegna til oppstart opplyste vi om at det føreslegne verneområdet omfatter fleire registrerte førekomstar av kopar og bly, klassifisert utan verdivurdering av Noregs geologiske undersøking (NGU), og bad om at det ble gjort ei vurdering av førekomstane si samfunnsmessige betydning. Det går fram av høyringsdokumentet at NGU vurderer at dei kjende mineraliseringane ved Raudbergnuten truleg er utan økonomisk interesse i dag, men at området rundt framleis er av interesse for prospekteringsindustrien. DMF har i etterkant av varsel om oppstart tildelt undersøkingsrett til statens mineral for feltet Kviteseid 8 som rører ein del av verneområdet¹. Rettshavar, Capella Minerals Norway AS, bør haldast informert om verneprosessen og er sett på kopi til dette brevet*».

Statens vegvesen skriv at det ved frivillig vern av skog er viktig med oppdaterte og rette eigedomsgrenser slik at rett grunneigar blir omfatta av vernet. Dei har ikkje særskilde merknader til verneforslaget for Raudbergnuten.

Telemark fylkeskommune kommenterer på områdene vilt/fisk og kulturarv. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at regionale vilt- og fiskeinteresser vert ramma. Fylkeskommunen skriv vidare at det ikkje er kjente nyare tids kulturminne av nasjonal verdi innafor verneforslaget, men bed likevel om at Statsforvaltaren bør vurderer om ein i slike område kan tillate å ta ut enkelte tre med spesiell kvalitet, til antikvarisk istandsetting av mellomalderbygg.

Språkrådet: «*Vi har ingen merknader til at Raudbergnuten blir nytta som namn på det utvida naturreservatet. Raudbergnuten er einaste godkjente skrivemåte for fjellnamnet i SSR. Sjølv om reservatområdet strekk seg eit langt stykke unna Raudbergnuten på begge sider, ligg fjellet sentralt i verneområdet slik at namnet likevel høver godt*».

Kjell Arne Neverdalen: «*Ser at min eigendom som er g.nr 1 br.nr 7-25-26 nedre Strand og Flekstveit nedre og Ovastveit er innteikna i verneområdet, noko det IKKJE SKAL VÆRE. Dette må tas ut og teiknes om igjen for det skal ikkje vernes. Minner også om at eg har vegrett på veien fra sjausel til Flekstveit nedre. Send meg oppdatert kart/innteikning når dette er gjort*».

Statsforvaltarens kommentarar:

Fråsegn frå Statnett SF, Bane Nor SF, Lede AS, Statens vegvesen og Språkrådet vert tekne til etterretning.

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvaltaren kommentere at området som vert foreslått verna ikkje har støl/seterbusetnad. Hytter, stølar og skogshusvær ligg på utsida av tilbodsområde. Området er svært bratt, og har ikkje lenger aktiv landbruksdrift utover sau på beite. Det er teke høgde for beite og gjerdehald i verneforskrifta.

NVE meiner det er tatt omsyn i verneføresegna til nettanlegget som Telemark nett har i området. Sistnemnte har ikkje gitt høyringsfråsegn, berre oppstartsmelding. Også Statsforvaltaren meiner føresegna gir dei løyva Telemark Nett etterspør. Kva gjelder omsyn til erosjon over HRV, har ikkje Statkraft som regulant uttalt seg til dette. Vi har vært i kontakt med dagleg leder og styreleiar i Skien brukseierforening, som seier dei ikkje har interesser så høgt opp i vassdraget. Verneområdet vil ikkje omfatte areal mellom hytter/hus og innsjøen Bandak. Dette talar for at det er mindre aktuelt med erosjonstiltak i verneområdet, og Statsforvaltaren vel å ikkje ta erosjonsforebyggjande tiltak inn i verneføresegna. NVE ba Statsforvaltaren orientere grunneigarane om småkraftpotensialet. Dette meiner vi vart gjort gjennom å referere NVE sin merknad til oppstart i samband med høyringa.

Statkraft sin merknad gjeld innspel til utviding av Heddedalane NR og ikkje Raudbergnuten.

DMF har etter oppstartsmeldinga gjeve eit firma løyve undersøkingsrett i eit område som også omfattar Raudbergnuten. Dette er Statsforvaltaren i tvil om er korrekt etter naturmangfaldlova §44, og ber Miljødirektoratet klargjere.

Telemark fylkeskommune ynskjer ei opning for å ta ut enkeltre for antikvarisk istandsetting av mellomalderbygg. Det er ikkje slike bygg i verneområdet, og Statsforvaltaren meiner det finst andre områder kor slikt virke kan takast ut.

Kjell Arne Neverdal eig ein eigedom som grensar til verneforslaget, og vår sjekk viser at han ikkje er omfatta av vernet. Hans bruksrett til vegen mellom Sjausel og nedre Flekstveit er tatt inn i verneføresegna.

Statsforvaltarens tilråding:

Navn

Statsforvaltaren tilrår namnet Raudbergnuten som i høyringsforslaget.

Avgrensing

Tokke kommune har trekt sitt tilbod etter høyringa, og dette arealet er tatt ut. Med nokon andre mindre justeringar tilrår Statsforvaltaren den nye avgrensinga.

Verneforskrift

Det er gjort mindre tilpassingar til direktoratet si mal for verneføresegn og som følgje av at Tokke kommune trakk tilbodet.

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift og vernekart som beskrive.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Raudbergnuten i Kviteseid og Tokke kommunar

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner samla.

.